



i praksis

Tallforståelse og regnetrening
1. - 2. trinn
L97: Tall
L06: Tall

RINGKAST

Lærer: Rakel Jøntvedt
Solås skole, Gjesdal

Ringkast er ein variant av ringspel. Pinnane vert merka med dei tala læreren ønskjer at elevane skal arbeida med, til dømes tala frå 1 til 10. Eit anna mål er å øva på addisjon. Elevane kan anten spela individuelt, i par eller i lag.

Elevane kastar etter tur, og resultatet vert summert med kryss eller tal, avhengig av kor gamle elevane er. Dei kan notera på egne ark eller eit fellesark. Som oftast vil det vera best om dei noterer på kvart sitt ark, sidan det er i noteringa at den viktigaste matematikklæringa vil finna stad. Resultatskjemaet kan eventuelt brukast som talbase for vidare rekning.

Ringkast er moro og sjølvmotiverande. Elevane opplever difor spelet som meningsfullt, og det er lett å tilpassa aktiviteten til elevane sitt nivå.

Det er særleg viktig at elevane lærer kombinasjonar med 1, 2, 5 og 10, så desse tala kan då trenast spesielt med dei yngste. Dei yngste barna kan også ha vanskar med å summere resultatata. Ei hjelp her kan vera at det er berre ein tiarpinne, og at treff på resten av pinnane gir eitt poeng. Dette gjer at elevar alt frå slutten av første halvår i 2.trinn kan finna total poengsum.

Spørsmål til diskusjon

Korleis kan *Ringkast* brukast på 3. og 4.trinn?

Læremateriell

Ringspel kjøpt på leiketøysbutikk og merkelappar med tal eller regnestykke.

Kontaktinfo

Solås skole, Åfaret 4, 4330 Ålgård

Tlf: 51 61 15 30

Internett: <http://217.68.97.86/skole/solas>